



Og Arkitekter As
Postboks 24
5819 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/45 - 17/9105

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2017

Mellombels bruksløyve felles køyrevveg Langheiane B6 og B7 - gbnr 188/770, 793

Administrativt vedtak. Saknr: 129/17

Tiltakshavar: Orion Prosjekt As

Ansvarleg søkjar: Og Arkitekter As

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 04.01.17 jf. vedtak datert 09.07.15 i sak 14/7672 og vedtak datert 04.09.15 i sak 14/7741.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att: Område F_LEIK1 og F_POST.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.06.17. Det vert elles vist til søknad motteken 21.03.17.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for F_KV, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Bygningstiltak:	Felles teknisk infrastruktur og uteområder samt felles VA innan reguleringsplan Langheiane B6 og B7/planid.: 1263-201003
Vatn og avløp:	Offentleg

VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for område F_KV omfatta av reguleringsplan Langheiane B6 og B7 /planid 1263-201003 på gbnr 188/770, 771 og 769. Mellombels bruksløyve er gjeve på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket:
 - F_KV
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.06.17.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/45

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Orion Prosjekt As

Postboks 449 Nesttun

5853

BERGEN

Mottakarar:

Og Arkitekter As

Postboks 24

5819

BERGEN